DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 27 S

(2026–2027)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2026 under Kunnskapsdepartementet

Tilråding frå Kunnskapsdepartementet 20. november 2026, godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)

1 Innleiing

I denne proposisjonen legg Kunnskapsdepartementet fram forslag til endringar i statsbudsjettet for 2026.

2 Forslag til endringar i statsbudsjettet 2026

Kap. 200 Kunnskapsdepartementet

Post 01 Driftsutgifter

Departementet foreslår å flytte 3 mill. kroner frå kap. 200, post 45 til kap. 200, post 01. Flyttinga skal dekke meirutgifter på post 01 i 2026, mellom anna knytte til drift av kontorlokale, straum og pensjonspremiar, og til sakskostnadar i samband med to klagesaker i sektoren. Behovet for investeringar i IKT-utstyr og lokala til Kunnskapsdepartementet har vore lågare enn venta i 2026, og departementet foreslår derfor å omdisponere midlar frå post 45.

Vidare foreslår departementet å rammeoverføre 0,4 mill. kroner frå kap. 200, post 01 til Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet sitt kap. 1510, post 01, i samband med etableringa av kunstforvaltning som ei fellesteneste i departementsfellesskapet.

Samla foreslår departementet å auke løyvinga med 2,6 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Departementet foreslår å flytte 3 mill. kroner frå kap. 200, post 45 til kap. 200, post 01. Sjå omtale under kap. 200, post 01.

Kap. 201 Analyse og kunnskapsgrunnlag

Post 21 Særskilde driftsutgifter

I revidert budsjett for 2026 løyvde Stortinget 30 mill. kroner over budsjettet til Kunnskapsdepartementet til ein pilotstudie om redusert arbeidstid i ti barnehagar. I Prop. 1 S (2026–2027) for Kunnskapsdepartementet foreslo departementet å flytte midlane til 2027-budsjettet. Som følge av dette foreslår departementet å redusere løyvinga for 2026 med 30 mill. kroner.

Post 70 Noregs forskingsråd – Forsking om utdanning og forsking, kan overførast

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 35 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke i tilsegnsfullmakta på posten, jf. forslag til vedtak II. Årsaka

til reduksjonen er forseinkingar i dei estimerte utbetalingane til prosjekt. Sjå ei nærare forklaring av årsaka til nedgongen i løyvingsbehovet i Forskingsrådet under avsnitt 3 Andre saker.

Midlane til eit fagblad for forskingspolitikk blei i revidert budsjett for 2026 flytta til kap. 201, post 70 for at dei kunne lysast ut i ei tilskotsordning. Ettersom avtalen Noregs forskingsråd har med Nordisk institutt for studier av innovasjon, forsking og utdanning (NIFU) går ut over 2026, kan tilskotsordninga først bli oppretta i 2027. Kunnskapsdepartementet foreslår derfor at 1 mill. kroner blir flytta frå posten til kap. 285, post 01.

Samla foreslår departementet å redusere løyvinga med 36 mill. kroner.

Kap. 220 Utdanningsdirektoratet

Post 01 Driftsutgifter

Departementet foreslår å auke løyvinga med 0,6 mill. kroner under kap. 220, post 01 mot ein tilsvarande auke i inntektsløyvinga på kap. 3220, post 02. Meirinntekta gjeld tilskot Utdanningsdirektoratet får frå Forskingsrådet for å dekke delar av personalkostnadene for ein tilsett som tek doktorgrad.

Post 21 Driftsutgifter, kan nyttast under post 70

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 0,5 mill. kroner under kap. 220, post 21 mot ein tilsvarande reduksjon i inntektsløyvinga på kap. 3220, post 01 på grunn av lågare aktivitet i oppdrag frå dei nordiske landa til Nordic Base of Childhood Education and Care (NB-ECEC) og EU-støtta til TALIS (Teaching and Learning International Survey).

Kap. 3220 Utdanningsdirektoratet

Post 01 Inntekter frå oppdrag

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 0,5 mill. kroner under kap. 220, post 21 og kap. 3220, post 01. Sjå omtale under kap. 220, post 21.

Post 02 Salsinntekter o.a.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 0,6 mill. kroner under kap. 220, post 01 og kap. 3220, post 02. Sjå omtale under kap. 220, post 01.

Kap. 222 Statlege skular og fjernundervisningstenester

Post 01 Driftsutgifter

Departementet foreslår å auke løyvinga med 5,6 mill. kroner mot ein tilsvarande auke av inntektsløyvinga på kap. 3222, post 02.

Kap. 3222 Statlege skular og fjernundervisningstenester

Post 02 Salsinntekter o.a.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 5,6 mill. kroner. Auken følger av høgare inntekter frå sal av fjernundervisningstenester frå Sørsamisk kunnskapspark og dei statlege samiske vidaregåande skulane i Kautokeino og Karasjok og utvikling av undervisningsmateriell på samisk.

Kap. 225 Tiltak i grunnopplæringa

Post 01 Driftsutgifter

Departementet foreslår å auke løyvinga med 1,8 mill. kroner, som følge av oppdatert anslag for utgifter til administrasjon av eksamen og behandling av klager.

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Departementet foreslår å auke løyvinga med 3 mill. kroner, som følge av oppdatert anslag for utgifter til honorar for sensoroppdrag og behandling av klager på sensur.

Post 61 Rentekompensasjon for investeringar i læringsarenaer og større utstyr som bidreg til meir praktisk og variert opplæring

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 10 mill. kroner, som følge av færre søknader om rentekompensasjon enn lagt til grunn i Saldert budsjett 2026.

Post 63 Tilskot til samisk i grunnopplæringa

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 4 mill. kroner, som følge av oppdaterte anslag for utgiftsbehovet på posten. Reduksjonen i løyvingsbehovet kjem av oppdaterte elevtal og eit oppdatert overslag for tilskot til studiepermisjonar for vidareutdanning i samisk for lærarar i grunnopplæringa og rekrutteringsstipend for lærarstudentar.

Post 64 Tilskot til opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg

Departementet foreslår å auke løyvinga med 26,6 mill. kroner i tråd med endringsforslaga frå Berekningsgruppa for utlendingsforvaltinga.

Post 65 Rentekompensasjon for skule- og symjeanlegg

Departementet foreslår å auke løyvinga med 14 mill. kroner, som følge av at rentesatsane i ordninga blei høgare enn lagt til grunn i Saldert budsjett 2026.

Post 67 Tilskot til opplæring i kvensk eller finsk

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 0,9 mill. kroner basert på oppdaterte elevtal og eit oppdatert overslag for tilskot til studiepermisjonar for vidareutdanning i kvensk eller finsk for lærarar i grunnopplæringa.

Post 68 Tilskot til opplæring i kriminalomsorga

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 0,9 mill. kroner, som følge av at det er utbetalt tilskot til færre soningsplassar enn lagt til grunn i Saldert budsjett 2026.

Post 74 Prosjekttilskot

Etter at Utdanningsdirektoratet har avslutta søknadsbehandlinga for 2026, er det eit mindrebehov på 0,8 mill. kroner. Departementet foreslår å redusere løyvinga tilsvarande.

Kap. 3225 Tiltak i grunnopplæringa

Post 04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter

Ein del av løyvinga på kap. 225, post 64 blir rapportert som utviklingshjelp og refusjon frå Utanriksdepartementet blir ført på posten. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 5,5 mill. kroner i tråd med endringsforslaga frå Berekningsgruppa for utlendingsforvaltinga.

Kap. 228 Tilskot til private skular o.a.

Post 70 Private grunnskular, overslagsløyving

Departementet foreslår å auke løyvinga med 122,2 mill. kroner, som følge av endringar i elevgrunnlaget i høve til det som er lagt til grunn for gjeldande budsjett for 2026.

Post 71 Private vidaregåande skular, overslagsløyving

Departementet foreslår å auke løyvinga med 142 mill. kroner, som følge av endringar i elevgrunnlaget i høve til det som er lagt til grunn for gjeldande budsjett for 2026.

Post 72 Diverse skular som gir yrkesretta opplæring, overslagsløyving

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 8,3 mill. kroner, som følge av endringar i elevgrunnlaget i høve til det som er lagt til grunn for gjeldande budsjett for 2026.

Post 73 Private grunnskular i utlandet, overslagsløyving

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 5,8 mill. kroner, som følge av endringar i elevgrunnlaget i høve til det som er lagt til grunn for gjeldande budsjett for 2026.

Post 74 Private vidaregåande skular i utlandet, overslagsløyving

Departementet foreslår å auke løyvinga med 4,2 mill. kroner, som følge av endringar i elevgrunnlaget i høve til det som er lagt til grunn for gjeldande budsjett for 2026.

Post 75 Private skular med særskild tilrettelagd opplæring for elevar med dokumenterte behov, overslagsløyving

Departementet foreslår å auke løyvinga med 9,1 mill. kroner, som følge av endringar i elevgrunnlaget i høve til det som er lagt til grunn for gjeldande budsjett for 2026.

Post 76 Andre private skular, overslagsløyving

Departementet foreslår å auke løyvinga med 5,4 mill. kroner, som følge av endringar i elevgrunnlaget i høve til det som er lagt til grunn for gjeldande budsjett for 2026.

Post 77 Den tysk-norske skolen i Oslo, overslagsløyving

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 0,8 mill. kroner, som følge av endringar i elevgrunnlaget i høve til det som var lagt til grunn for gjeldande budsjett for 2026.

Post 78 Kompletterande undervisning

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 0,7 mill. kroner, som følge av endringar i elevgrunnlaget i høve til det som er lagt til grunn for gjeldande budsjett for 2026.

Post 81 Elevutveksling til utlandet

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 2 mill. kroner, som følge av at det berre var to skular som til saman hadde ti elevar på utveksling gjennom ordninga i skuleåret 2025–26.

Post 82 Kapital- og husleigetilskot til private skular

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 0,3 mill. kroner, som følge av lågare elevtal og nedlagde skular.

Post 84 Redusert foreldrebetaling i skulefritidsordninga ved private skular

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 27 mill. kroner, som følge av færre søknader om redusert foreldrebetaling i skulefritidsordninga ved private skular enn løyvinga i Saldert budsjett 2026 ga rom for.

Kap. 240 Fagskular

Post 61 Utviklingsmidlar for høgare yrkesfagleg utdanning, kan overførast

Frå og med statsbudsjettet for 2026 er posten budsjettert med tilsegnsramme, løyving og tilsegnsfullmakt, jf. Prop. 1 S (2025–2026). Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 5,7 mill. kroner og auke tilsegnsfullmakta med 5 mill. kroner, som følge av lågare rapportert forbruk i enkelte avslutta prosjekt og at utbetalingar til forseinka prosjekt har vorte utsette til seinare år. Sjå forslag til vedtak II.

Kap. 253 Folkehøgskular

Post 70 Tilskot til folkehøgskular

Follo folkehøgskule og Ringebu folkehøgskule er ikkje i drift hausten 2026.

Ny berekningsmodell innført i 2023 for nye folkehøgskular gjeld i år for Stavanger Urban Folkehøgskole. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 0,8 mill. kroner som følge av dette.

Samla foreslår departementet å redusere løyvinga med 11,4 mill. kroner.

Kap. 256 Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse

Post 01 Driftsutgifter

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse hatt høgare inntekter mellom anna frå EU til administrasjon av programmet Erasmus+ enn det som er lagt til grunn i Saldert budsjett 2026. På bakgrunn av dette foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 6,7 mill. kroner og ein tilsvarande auke i inntektsløyvinga på kap. 3256, post 02.

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse har hatt høgare oppdragsinntekter frå EU-prosjekt enn forventa i 2026. På bakgrunn av dette foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 5,2 mill. kroner og ein tilsvarande auke i inntektsløyvinga på kap. 3256, post 01.

Kap. 3256 Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse

Post 01 Inntekter frå oppdrag

Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med 5,2 mill. kroner og ein tilsvarande auke i utgifter over kap. 256, post 21. Sjå omtale under kap. 256, post 21.

Post 02 Inntekter frå refusjonar o.a.

Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med 6,7 mill. kroner og ein tilsvarande auke i utgifter over kap. 256, post 01. Sjå omtale under kap. 256, post 01.

Kap. 257 Kompetanseprogrammet

Post 70 Tilskot, kan overførast

Frå og med statsbudsjettet for 2026 er posten budsjettert med tilsegnsramme, løyving og tilsegnsfullmakt, jf. Prop. 1 S (2025–2026). Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med 11 mill. kroner, og redusere tilsegnsfullmakta med 10,7 mill. kroner, jf. forslag til vedtak II. Løyvingsbehovet aukar som følge av lågare anslåtte avkortingar i ordninga Kompetansepluss. Tilsegnsfullmakta blir

redusert som følge av utsett utlysing i bransjeprogrammet for barnehage, som blir lyst ut i 2027.

Kap. 258 Tiltak for livslang læring

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 6,8 mill. kroner, mellom anna som følge av mindreforbruk på posten.

Pilot for kompetansereform i industrien vart igangsett i 2025. Midlane i ordninga går til lønstilskot til bedrifter som legg ut for lønn medan arbeidstakarar deltek i kompetanseutvikling. Målgruppa er i hovudsak fagarbeidarar og tilsette med låg formell kompetanse. Deltakinga i piloten har vore lågare enn det midlane sette av til ordninga gav rom for. Det tek tid å bygge opp ei ny tilskotsordning, og departementet foreslår derfor ei teknisk nedjustering av løyvinga på 38 mill. kroner, med sikte på ei periodisering av midlane ved behov.

Samla foreslår departementet å redusere løyvinga med 44,8 mill. kroner.

Kap. 270 Studentvelferd

Post 74 Tilskot til velferdsarbeid o.a.

I revidert budsjett for 2026 blei det som ei mellombels ordning løyvd 65 mill. kroner for å kompensere studentsamskipnader og studentbustadstiftingar for høge straumkostnader, jf. Innst. 450 S (2025–2026) og Prop. 96 S (2025–2026). Formålet var å skjerme studentar i studentbustadar mot auka husleige som følge av auka straumutgifter. I 2026 er løyvinga basert på anslåtte meirkostnader som følge av at samskipnadene ikkje er omfatta av straumstøtteordninga. Oppdaterte anslag viser at behovet er høgare enn det som blei lagt til grunn i revidert budsjett for 2026. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 270, post 74 med 46 mill. kroner.

Post 75 Tilskot til bygging av studentbustadar

Utbetaling av tilskot til studentsamskipnadene som har fått tilsegner til byggeprosjekt blir gjort i tråd med framdrifta i prosjekta. Disponible midlar på posten er 1 247 mill. kroner. Prognosane frå Husbanken viser at utbetalingane av tilskot vil vere 1 355,8 mill. kroner i 2026. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på posten med 108,8 mill. kroner. Det er vidare behov for å redusere tilsegnsfullmakta med 109,9 mill. kroner, frå 1 520,5 mill. kroner til 1 410,6 mill. kroner, jf. forslag til vedtak II. Tilsegnsfullmakta skal dekke utbetalingar i framtida, det vil seie frå og med 2027, medan løyvinga på kap. 270, post 75 skal dekke utbetaling i 2026.

Kap. 273 Kunnskapssektorens tenesteleverandør – Sikt

Post 50 Verksemdskostnader

Kunnskapssektorens tenesteleverandør – Sikt betaler årleg Noregs kontingent til NORDUnet AS. NORDUnet AS organiserer samarbeidet mellom dei nordiske forskingsnetta. Kunnskapsdepartementet har tildelt Sikt 47 mill. kroner til kontingenten på posten i 2026. Sikt betaler kontingenten kvartalsvis, og utbetalinga for fjerde kvartal i 2026 står att. Sikt har betalt 29,9 mill. kroner hittil for kontingenten i 2026, og det står att å betale om lag 9,4 mill. kroner. Kunnskapsdepartementet foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 273, post 50 med 7,7 mill. kroner.

Kap. 275 Tiltak for høgare utdanning og forsking

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 70

Det er handlingsrom på posten som følge av unytta midlar til utgreiingsoppdrag. Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 275, post 21 med 1,2 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på kap. 284, post 01.

Kap. 284 Dei nasjonale forskingsetiske komiteane

Post 01 Driftsutgifter

Dei nasjonale forskingsetiske komiteane (FEK) har dei siste åra hatt ei større arbeidsmengde i Nasjonalt utval for ureieleg forsking og Den nasjonale forskingsetiske komité for medisin og helsefag. FEK er ei lita verksemd og har ikkje kunne handtere den auka mengda klagesaker innanfor gjeldande løyving. I 2026 er anslaget at dei vil ha meirutgifter på 1,2 mill. kroner. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 284, post 01 med 1,2 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 275, post 21.

Kap. 285 Noregs forskingsråd

Post 01 Driftsutgifter

Midlane til eit fagblad for forskingspolitikk blei i revidert budsjett for 2026 flytta frå kap. 285, post 01 til kap. 201, post 70 for at midlane kunne lysast ut i ei tilskotsordning. Avtalen Noregs forskingsråd har med Nordisk institutt for studier av innovasjon, forsking og utdanning (NIFU) går ut over 2026, og tilskotsordninga kan først bli oppretta i 2027. Kunnskapsdepartementet foreslår derfor at 1 mill. kroner blir flytta frå kap. 201, post 70 til kap. 285, post 01.

Post 21 Særskilde driftsutgifter

I 2026 har Forskingsrådet hatt lågare forbruk enn det som låg til grunn for arbeid med Mineralstrategien i budsjettet. Kunnskapsdepartementet foreslår derfor å redusere løyvinga på posten med 1,6 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på Nærings- og fiskeridepartementets kap. 920, post 70.

Forskingsrådet har også hatt lågare forbruk enn det som låg til grunn for arbeid med oppdrag frå Forsvarsdepartementet som skal støtte koplingar mellom FoU på sivil og militær side. Kunnskapsdepartementet foreslår derfor å redusere løyvinga på posten med 3,4 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på Forsvarsdepartementets kap. 1760, post 45.

Samla foreslår departementet å redusere løyvinga med 5 mill. kroner.

Post 71 Strategiske forskingsprioriteringar, kan overførast og post 72 Langsiktig, grunnleggande forsking, kan overførast

Postane blir budsjetterte med ei årleg løyving og ei tilsegnsramme med tilhøyrande tilsegnsfullmakt. Tilsegnsramma set ramma for nye forpliktingar som Forskingsrådet kan inngå i budsjettåret. Løyvinga skal dekke forventa utbetalingar av tilsegner i det gjeldande budsjettåret som Forskingsrådet har gitt i tidlegare år, og nye tilsegner som kjem til utbetaling i budsjettåret. Postane blir budsjetterte med ei tilsegnsfullmakt fordi Forskingsrådet finansierer fleirårige forskingsprosjekt, og treng fullmakt frå Stortinget for å kunne forplikte staten utover gjeldande budsjettår. Tilsegnsfullmaktene viser dei utestående forpliktingane på postane. Det vil seie den delen av gitte tilsegner som enno ikkje er utbetalte ved utgangen av budsjettåret.

Departementet foreslår å redusere løyvinga på post 71 med 556,2 mill. kroner og på post 72 med 427,6 mill. kroner, som følge av oppdaterte anslag for kontante utbetalingar i 2026.

Nedjusteringa skyldast ei forskyving av utbetalingar frå Forskingsrådet til mottakarane til seinare budsjettår, basert på faktureringstakta til mottakarane. Det er fleire årsaker til nedjusteringa, men ei hovudårsak er at Forskingsrådet har innført etterskotsvis fakturering basert på påkomne kostnadar framfor forskotsutbetaling basert på budsjetta til prosjekta. Effekten av dette var ikkje godt nok teke omsyn til i dei opphavelege utbetalingsprognosane for 2026. Forskingsrådet har ingen indikasjonar på at det nedjusterte løyvingsbehovet i 2026 kjem av lågare forskingsaktivitet. Sjå ei nærare forklaring av årsaka til nedgangen i løyvingsbehovet i Forskingsrådet under Andre saker.

Ettersom nedjusteringa i løyvinga kjem av forskyvingar av utbetalingar, foreslår departementet samtidig å auke tilsegnsfullmaktene på postane tilsvarande nedjusteringa av løyvinga, slik at Forskingsrådet kan dekke utbetalingane i seinare budsjettår, jf. forslag til vedtak II.

Kap. 288 Internasjonale samarbeidstiltak

Post 72 Internasjonale grunnforskingsorganisasjonar

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 6,4 mill. kroner. Reduksjonen skriv seg frå endringar i valutakurs. Om lag 0,3 mill. kroner av løyvinga på posten er Noregs del av eit spleiselag for å dekke Ukrainas CERN-kontingent.

Post 73 EUs rammeprogram for forsking og innovasjon

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 99,8 mill. kroner. Reduksjonen skriv seg frå endringar i valutakurs.

Post 74 EUs program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 27,4 mill. kroner. Reduksjonen skriv seg frå endringar i valutakurs.

Kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning

Post 50 Avsetning til utdanningsstipend, overslagsløyving

Løyvinga dekker utgifter til framtidig konvertering av utdanningslån til utdanningsstipend. Departementet foreslår å auke løyvinga med 24,2 mill. kroner hovudsakleg på grunn av høgare utbetalingar av basislån enn tidlegare berekna.

Post 70 Utdanningsstipend, overslagsløyving

Departementet foreslår å auke løyvinga med 80 mill. kroner på grunn av høgare utbetaling av flyktningstipend enn berekna i revidert budsjett for 2026.

Post 72 Rentestøtte, overslagsløyving

Departementet foreslår å auke løyvinga med 140,7 mill. kroner, som følge av at den flytande renta på utdanningslån blei 0,23 prosenteiningar høgare enn lagt til grunn i revidert budsjett for 2026.

Post 73 Avskrivingar, overslagsløyving

Departementet foreslår å auke løyvinga med 58,1 mill. kroner. Auken kjem i hovudsak av høgare anslag for sletting av gjeld i utvalde distriktskommunar på 120 mill. kroner, medan anslaget for avskriving i innsatssona blir redusert med 15 mill. kroner. Anslaget for avskriving på grunn av uførheit blir redusert med 50 mill. kroner, og anslag for avskriving på grunn av kvoteordninga blir auka med 3,1 mill. kroner.

Post 90 Auka lån og rentegjeld, overslagsløyving

Departementet foreslår å auke løyvinga med 506,3 mill. kroner. Auken kjem av mellom anna høgare utbetalingar til basislån, tilleggslån og lån til skulepengar. Andre endringar er knytt til renteelement på posten som aukar på grunn av høgare rentenivå enn lagt til grunn i revidert budsjett for 2026.

Kap. 5310 Statens lånekasse for utdanning

Post 04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter

Posten gjeld refunderte midlar til dekning av kostnaden ved å ettergi studielån for kvotestudentar frå utviklingsland som flyttar til heimlandet og busett seg der varig. Departementet foreslår å auke løyvinga med 1,9 mill. kroner som følge av høgare avskrivingar gjennom kvoteordninga.

Post 89 Purregebyr

Det ligg an til å bli fleire purringar enn det som blei lagt til grunn i revidert budsjett for 2026. Departementet foreslår å auke løyvinga med 10 mill. kroner.

Post 90 Redusert lån og rentegjeld

Rekneskapstal per 30. september tilseier at innbetalte avdrag på utdanningslån bør reduserast med 474,6 mill. kroner. Samstundes er det ein auke i anslaget for innbetalingane av renter frå tidlegare år på 620,5 mill. kroner, og i avskrivinga av renteberande lån på 61,7 mill. kroner. Mindre justeringar gjer at anslaget blir redusert med 2,3 mill. kroner.

Samla foreslår departementet å auke løyvinga med 205,3 mill. kroner.

Kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning

Post 80 Renter

Departementet foreslår å auke løyvinga med 571,4 mill. kroner, hovudsakleg som følge av at den vekta renta på utdanningslån blei 0,23 prosenteiningar høgare enn lagt til grunn i revidert budsjett for 2026.

3 Andre saker

3.1 Utgreie tiltak for å betre bemanninga i SFO

Departementet viser til følgende fleirtalsmerknad, jf. Innst. 450 S (2025–2026):

> *Flertallet viser til bemanningssituasjonen i SFO-ordningen og behovet for at SFO kan tilpasses bedre for barn med behov for tilrettelegging. Flertallet mener det er behov for å vurdere flere tiltak for å sikre bedre bemanning i SFO, og ber regjeringen i løpet av høsten 2026 utrede tiltak til hvordan man kan bedre bemanningssituasjonen i SFO, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.*

Fleirtalsmerknaden kom i samband med behandlinga av revidert budsjett for 2026. Nedanfor gjer

Tabell 3.1 Tal på barn, tilsette og barn delt på tilsette i SFO ved offentlege skular for skuleåra 2021–22 til 2025–26.

Skuleår	Tal på barn i SFO (1.–7. trinn)	Tal på tilsette i SFO	Barn per tilsett i SFO
2021–22	147 094	17 984	8,2
2022–23	158 919	18 479	8,6
2023–24	168 227	19 812	8,5
2024–25	180 278	20 054	9,0
2025–26	179 722	20 589	8,7

Tala som er oppgitt her skil seg frå det som blei gitt til Stortinget i svaret på vedtak 906, fordi vi her berre ser på offentlege skular.
Kjelde: Utdanningsdirektoratet


Kunnskapsdepartementet greie for bemanningssituasjonen i SFO og ulike tiltak for å betre bemanninga i SFO.

Kunnskapsdepartementet gjorde greie for bemanninga i SFO i omtala av oppmodingsvedtak nr. 906, 21. juni 2024 i Prop. 1 S (2025–2026) for Kunnskapsdepartementet. Departementet gjer derfor berre kort greie for bemanningssituasjonen i SFO her.

Sidan skuleåret 2021–22 har talet på både tilsette og barn i SFO auka. Dette har samanheng med den trinnvise innføringa av 12 timar gratis SFO på 1.–3. trinn i same periode. I tabell 3.1 er tal for barn, tilsette og barn delt på tilsette i SFO ved offentlege skular for skuleåra 2021–22 til 2025–26.

Det er stor variasjon mellom kommunar i kor mange barn det er per tilsett i SFO. Kommunar med fleire barn i SFO, har òg fleire barn per tilsett i SFO enn kommunar med færre barn i SFO. Figur 3.1 viser fordelinga av barn per tilsett i SFO for kommunar med fleire enn og færre enn 500 barn i SFO. Kommunar med 500 eller fleire barn i SFO har i gjennomsnitt 9,4 barn per tilsett i SFO, medan kommunar med færre enn 500 barn i SFO har i gjennomsnitt 6,6 barn per tilsett i SFO. Desse tala inkluderer ikkje barn på 5.–7. trinn som nyttar SFO, fordi dei tala ikkje er tilgjengeleg for kommunar av omsyn til personvern.

Frå skuleåret 2024–25 til 2025–26 har barn per tilsett i SFO gått ned. Det har vore ein nedgang



Figur 3.1 Fordeling av barn per tilsett i SFO for skuleåret 2025–26, fordelt på kommunar med fleire enn og færre enn 500 barn i SFO.

Kjelde: Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet

både i kommunar med fleire og færre enn 500 barn i SFO.

Frå skuleåret 2025–26 rapporterer kommunane også tal på kor mange årsverk som arbeider i SFO. I skuleåret 2025–26 var det 10 384 årsverk i SFO. Det betyr at kvar tilsett i SFO i gjennomsnitt har ein stillingsprosent på 50,4 pst.

I 2025 var 550 mill. kroner av auken i frie inntekter grunngitt med styrkt bemanning i SFO. Det er ei varig styrking av kommuneramma. Dersom ein tek utgangspunkt i ein gjennomsnittleg kostnad per årsverk på rundt 710 000 kr, ville auken i frie inntekter tilsvara ein auke på om lag 775 årsverk i SFO. Frå skuleåret 2024–25 til 2025–26 auka talet på tilsette i SFO med 525 personar. Dersom ein legg til grunn at dei som vert tilsette i SFO i skuleåret 2025–26 i gjennomsnitt har fått ein stillingsprosent på 50 pst., vil ein auke på 525 tilsette tilsvare 259 nye årsverk.

NOU 2026: 10 *Fellesskolen – Bærebjelken i framtidens samfunn* la fram eit forslag om å integrere dei 12 timane med gratis SFO på første og andre trinn i den obligatoriske skuledagen. Rapporten er på høyring fram til 21. desember 2026. Departementet har i denne utgreiinga ikkje sett nærare på dette forslaget, fordi det ikkje var nok tid til å gi ei grundig vurdering av dette forslaget med tilhøyrande problemstillingar.

Det er barn med behov for særskilt tilrettelegging i SFO, men dette er ikkje regulert gjennom kap. 11 i opplæringslova, og det finst ikkje ei oversikt over kor mange barn dette gjeld. Kap. 11 i opplæringslova er knytt til tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Reglane er dermed ikkje direkte overførbare til SFO, og ikkje alle elevar som har vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring vil trenge tilrettelegging i SFO.

I opplæringslova § 4-5 tredje ledd står det at aktivitetane i skulefritidsordninga skal vere «tilpassa alderen, funksjonsevna og interessene til barna og at barn med nedsett funksjonsevne skal få gode utviklingsvilkår». Det er ingen krav til sakkunnig vurdering frå PPT som seier kva som skal til for at det enkelte barn med funksjonsnedsetjing får gode utviklingsvilkår. NTNU Samfunnsforsking si evaluering av SFO frå 2018 peikte på at foreldre til barn med behov for særskilt tilrettelegging vurderte SFO-tilbodet meir negativt enn andre foreldre. Særleg gjaldt dette spørsmål om bemanning, kompetanse, aktivitetstilbod og leksehjelp. Evalueringa peikte på at mange tilsette opplevde ressursmangel som ei stor utfordring i arbeidet med å inkludere barn med behov for særskilt tilrettelegging.

I NTNU Samfunnsforsking si evaluering av innføringa av rammeplanen for SFO frå 2024, fann ein at delen tilsette som rapporterte at barn med behov for særskilt tilrettelegging i SFO deltek i aktivitetar på lik linje med andre barn, gjekk ned frå 2022 til 2023. Dette kan bety at innføringa av, og arbeidet med, rammeplanen førte til eit auka medvit blant dei tilsette om barn med behov for særskilt tilrettelegging. Det er òg mogleg at auken i deltaking i SFO som kom med innføringa av 12 timar gratis SFO i same periode, førte til lågare bemanningstettleik og gjorde tilbodet for barn med behov for særskilt tilrettelegging dårlegare.

I *Spørsmål til Skole-Norge* våren 2025 fekk skuleleiarar i grunnskulen spørsmål om korleis skulen legg til rette for barn med behov for særskilt tilrettelegging i SFO. Det var mogleg å gi fleire svar. I svara frå undersøkinga sa over halvparten av skuleleiarane at assistentar vanlegvis følger med frå skule til SFO (55 pst.), og at det er ein eller fleire tilsette som har eit særleg ansvar for å følge opp barn med behov for særskilt tilrettelegging (54 pst.). Eit fåtal (17 pst.) sa at dei hadde same bemanning uavhengig av om det er barn med behov for særskilt tilrettelegging i SFO eller ikkje.

Skuleeigarane i kommunen fekk same spørsmål, men med andre moglege svar. Her svarte eit fleirtal (65 pst.) at dei vurderer om barn med vedtak om personleg assistanse etter opplæringslova § 11-4, også har behov for assistent i SFO. Andre svar som blei oppgitt av skuleeigarane var at dei har tilsette med særleg kompetanse som hjelper SFO-ar som har barn med behov for særskilt tilrettelegging (35 pst.), at enkelte diagnosar/funksjonsnedsetjingar utløyser rett på midlar til auka bemanning i SFO (29 pst.) eller at SFO-ar kunne søke om auka grunnbemanning dersom dei hadde barn med behov for særskilt tilrettelegging (21 pst.). Fleire svar var mogleg.

God tilrettelegging føreset rett kompetanse. I skuleåret 2025–26 var 47 pst. av dei tilsette i SFO ufaglærte, altså at dei verken hadde lærar- eller barnehagelærarutdanning eller fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget. Utdanningsdirektoratet gjennomførte i 2022 ei kartlegging av kompetansebehov i SFO, som viste at arbeid med barn med behov for særskilt tilrettelegging er eit område der mange ønsker kompetanseheving. Direktoratet har utvikla støttemateriell om inkluderande fellesskap for barn med behov for særskilt tilrettelegging i SFO. SFO var òg ein del av Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Dette er no ein del av det heilskaplege systemet for kompetanse- og karriereutvikling der SFO er omfatta på like vilkår som

barnehage og skule. Inkluderande leike- og læringsmiljø er òg tema i tre bachelorutdanningar i skulefritidspedagogikk som er oppretta nyleg.

Departementet har vurdert ulike tiltak for betre bemanning i SFO, og gjer greie for dei under.

Midlar til fleire tilsette i SFO

I *Innføring av rammeplan i SFO – Sluttrapport fra evalueringen av de første årene med rammeplan* kjem det fram at sektoren opplevde at det var blitt fleire barn i SFO, utan at det følgde med meir personalressursar. I denne undersøkinga trekker mange tilsette fram det auka talet på barn som negativt, fordi det vart dårlegare fysisk plass i SFO, og fordi bemanningstettleiken blei lågare.

SFO-tilbodet er ein del av kommunane sine lovpålagde oppgåver. Det betyr at kommunane har ansvar for at det er tilstrekkeleg bemanning, og at dei må vurdere kva slags tilbod som er forsvarleg gitt økonomiske forutsetningar og tilgjengeleg personell. Då 12 timar gratis SFO blei innført, blei full deltaking lagt til grunn i kompensasjonen til kommunane, og med same bemanningstettleik. Kommunane er derfor allereie kompensert for å ha same bemanningsnivå som før innføring av 12 timar gratis SFO på 1.–3. trinn

Ei auke i frie inntekter vil gi kommunane meir økonomisk handlingsrom til å setje inn fleire tilsette i SFO der det er behov for det. Samstundes vil kommunar som ikkje har behov for ekstra tilsette i SFO kunne nytte midlane fritt til andre lokale behov. Eit alternativ er ei øyremerkt tilskotsordning. Den kan innrettast som eit flatt tilskot basert på kor mange barn som går i SFO, eller som ein meir målretta ordning basert på eit sett med objektive kriterium. Døme på kriterium kan vere levekårsindikatorar eller dekningsgrad i SFO. Ei øyremerkt tilskotsordning bind opp kommunane sitt handlingsrom, og kan hindre effektiv ressursutnytting av både personell og økonomiske midlar i kommunane. Kommunekommisjonen sin første delutreiing NOU 2026: 1 *En bærekraftig kommunesektor* peika på at dei lovpålagde oppgåvene til kommunane bør vere finansiert gjennom dei frie inntektene. Det er stor variasjon i kor mange barn som nyttar SFO-tilbodet, og kor mange barn det er per tilsett i ulike kommunar, og ulik innretting vil gi ulik bruk av økonomiske ressursar og personell.

Bemanningsnorm i SFO

Det finst i dag normar for lærartettleik i skule og bemanningstettleik i barnehage. Desse to er utforma ulikt. Det er ikkje mogleg å innføre ei norm i SFO etter dei same berekningane som ein nyttar i skule og barnehage, mellom anna fordi innhald og innretting av SFO-tilboda varierer meir mellom kommunar enn for skule og barnehage.

I *Spørsmål til Skole-Norge* våren 2025 blei skuleeigarane og skuleleiarane i grunnskulen spurde om dei hadde ei rettleiande bemanningsnorm for talet på tilsette i SFO. 75 pst. av skuleeigarane i kommunane svarte at dei har ei slik norm, medan prosentdelen blant skuleleiarar i grunnskulen ligg noko lågare (57 pst.). Det vanlegaste er å ha ei rettleiande norm på 15 barn per tilsett, og det nest vanlegaste er å ha ei norm på 12 barn per tilsett.

Behovet for bemanning vil vere avhengig av kva slags aktivitetar som blir tilbodne, aldersamansetninga, kor mange barn som deltek, dagleg opphaldstid og talet på barn med særskilte behov for tilrettelegging. Når kommunen er tillagd stort ansvar for innhaldet i SFO, vil det vere naturleg at kommunen også får ansvar for å tilsetje eit personale som samla sett kan gi eit godt tilbod i samsvar med målsetjinga med SFO. Fellesskuleutvalet omtalar også bemanningsnorm i SFO i sin rapport, men skriv der at dei meiner det ikkje er realistisk å innføre no.

Ein rapport om regeletterleving i barnehagesektoren frå Deloitte og Proba samfunnsanalyse frå 2026, fann at bemanningsnorma i barnehage i praksis fungerer som eit tak framfor eit golv fordi det er tronge økonomiske rammar. Dei erfaringane kan vere overførbare til ein eventuell bemanningsnorm i SFO.

Eit alternativ er å gi ei tilråding i kraft av ei rettleiande norm for SFO. Tre av fire skuleeigarar seier at dei allereie har ei slik norm. Innføring av ei rettleiande norm vil føre med seg ein risiko for kutt i tilsetjinga i dei kommunane kor bemanninga allereie er betre enn norma, samtidig som ein ikkje vil kunne pålegge kommunar som har dårlegare bemanning enn norma å gjere endringar. Vidare vil det variere ut frå lokale forhold kva som er tilstrekkeleg bemanning, og det er derfor vanskeleg å vurdere kor treffande ein nasjonalt rettleiande norm vil vere for dei ulike SFO-tilboda.

Kompetansekrav for leiar i SFO

I *Spørsmål til Skole-Norg*e våren 2025 blei skuleleiarar i grunnskulen spurde om kva utdanningsbakgrunn leiaren i SFO har. Rundt seks av ti skuleleiarar svarte at leiarar i SFO har høgare pedagogisk utdanning, medan om lag éin av fire har fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar. Det er vanlegast at SFO-leiaren har høgare pedagogisk utdanning i

dei større kommunane og dei mest sentrale kommunane. Skuleeigarar i kommunane blei òg spurde om dei hadde lokale kompetansekrav til ein SFO-leiar. 37 pst. av skuleeigarane seier at dei har krav om at SFO-leiaren skal ha pedagogisk utdanning, og 25 pst. seier at SFO-leiaren skal ha minimum fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar. 30 pst. seier at dei ikkje har lokale kompetansekrav til SFO-leiaren.

Høg kompetanse, mellom anna om leiing, kan gi betre utnytting av personalressursane. Nesten 50 pst. av dei tilsette i SFO er ufaglærte, og auka bemanning i seg sjølv vil ikkje nødvendigvis gi betre kvalitet i SFO dersom dei tilsette ikkje har barnefagleg kompetanse eller får god rettleiing i arbeidet.

I NOU 2026: 10 *Fellesskolen – Bærebjelken i framtidens samfunn* blir det foreslått å innføre eit krav om pedagogisk kompetanse for leiar av SFO. Dei anslår at kostnaden for eit slikt krav vil vere om lag 300 mill. kroner. Departementet har ikkje laga eigne kostnadsoverslag utover dette.

Gjennom det nye heilskaplege systemet for kompetanse- og karriereutvikling for lærarar og andre tilsette får andre tilsette i laget rundt barna og elevane i barnehage, SFO og skule moglegheit til å delta i vidareutdanning med same vilkår som lærarar. Dette legg til rette for at leiar eller andre tilsette i SFO kan få høgare kompetanse, utan at dette er eit lovpålagt krav. Det er som resultat av dette nyleg bygd opp eigne tilbod om bachelorutdanning i skulefritidspedagogikk ved tre universitet og høgskular. Det er i dag allereie krav i opplæringslova om at rektor skal vere leiar når skulefritidsordninga er knytt til skular, og det er krav i opplæringslova om at rektor skal ha pedagogisk kompetanse. På mange skular vil det vere så få barn i SFO at det ikkje gir meining å ha ein eigen SFO-leiar.

Tiltak for barn med særskilte behov for tilrettelegging i SFO

Fellesskuleutvalet har vurdert rett til individuell tilrettelegging for elevar med vedtak om personleg assistanse etter § 11-4 i SFO. Utrekningane er usikre, men anslaget deira for kostnaden av å innføre éin-til-éin-oppfølging med assistent for desse barna, 12 timar kvar veke i SFO, er rundt 705 mill. kroner. Kostnaden vil variere dersom ein legg til grunn fleire eller færre timar per veke, eller fleire barn per ekstra assistent. Innspel til høyringa for rapporten vil vere viktige bidrag til å vurdere eit slikt tiltak.

Det er utfordrande å greie ut tiltak for barn i SFO med særskilte behov for tilrettelegging, fordi det er lite kunnskap å måle situasjonen opp mot. Det finst lite forsking som seier kva som skal til for at det enkelte barn med særskilte behov får gode utviklingsvilkår i SFO, eller kva dei treng assistanse til. Det er heller ikkje nok systematisk kunnskap om kva oppfølging desse barna får i dag eller kva behov dei har.

3.2 Omklassifisering frå innskoten til opptent verksemdskapital ved UiO, UiB, UiT, NTNU, UiA, NMBU og Sikt

Kunnskapsdepartementet vil frå og med 2026 endre den rekneskapsmessige presentasjonen av verksemdskapital i verksemdsrekneskapen for Universitetet i Oslo (UiO), Universitetet i Bergen (UiB), Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet (UiT), Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (NTNU), Universitetet i Agder (UiA), Noregs miljø- og biovitskaplege universitet (NMBU) og Kunnskapssektorens tenesteleverandør – Sikt, slik at rekneskapslinja Innskoten verksemdskapital i verksemdsrekneskapen viser same beløp som eigedelar rapportert til kapitalrekneskapen. Dette fører til at 50,6 mill. kroner blir flytta frå rekneskapslinja Innskoten verksemdskapital til rekneskapslinja Opptent verksemdskapital i verksemdsrekneskapen for desse institusjonane frå og med rekneskapsåret 2026. Det fører ikkje til endringar i kapitalrekneskapen.

3.3 Fullmakt til å føre kapitalinnskot ut av kapitalrekneskapen mot konto for forskyvingar i balansen ved UiT og HiM

Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet (UiT) fekk ved etablering og oppstart av universitetet i fleire år løyvingar på 90-post for skaffe bustadar til tilsette. Dei fleste av bustadane blei skaffa ved ordinære burettslagsinnskot som er førte opp i kapitalrekneskapen på konto 6280 leigebuarinnskot m.m. På anskaffingstidspunktet var UiT ei bruttobudsjettert verksemd og rapporteringa i kapitalrekneskapen var i tråd med regelverket. Universitetet er no nettobudsjettert, og burettlagsinnskot skal ikkje førast i kapitalrekneskapen. I dag er attverande burettslagsinnskot ført opp i kapitalrekneskapen med 2 652 400 kroner som Kunnskapsdepartementet ber om fullmakt til å føre ut av kapitalrekneskapen mot konto for forskyvingar i balansen, jf. forslag til vedtak III.

Høgskolen i Molde, vitskapleg høgskole i logistikk (HiM) har ført opp eit innskot på 1 600 kroner i eit samvirkelag for rett til å leige barnehageplassar til tilsette. Innskotet er ikkje lenger i aktiv bruk, og Kunnskapsdepartementet ber om

fullmakt til å føre innskotet ut av kapitalrekneskapen mot konto for forskyvingar i balansen, jf. forslag til vedtak III.

3.4 Endringar i løyvingsbehovet i Noregs forskingsråd

Oppdaterte anslag frå Forskingsrådet syner ein samla nedgang i løyvingsnivået på departementa sine tilskotspostar til Forskingsrådet på 2,1 mrd. kroner samanlikna med gjeldande løyving vedteken i revidert nasjonalbudsjett for 2026.

Budsjetteringa av Noregs forskingsråd

Tilskotspostane til Forskingsrådet blir budsjettert med ei årleg løyving og ei tilsegnsramme, med tilhøyrande tilsegnsfullmakt. Tilsegnsramma set ramma for nye forpliktingar som Forskingsrådet kan inngå i budsjettåret. Det er tilsegnsramma som definerer kor mykje ny aktivitet som kan setjast i gang i budsjettåret, ikkje løyvinga. Løyvinga skal dekke forventa kontante utbetalingar av tilsegner i det gjeldande budsjettåret som Forskingsrådet har gitt i tidlegare år, og nye tilsegner som kjem til utbetaling i budsjettåret. Postane blir budsjettert med ei tilsegnsfullmakt fordi Forskingsrådet finansierer fleirårige forskingsprosjekt, og treng fullmakt frå Stortinget for å kunne forplikte staten utover gjeldande budsjettår. Tilsegnsfullmakta viser dei utestående forpliktingane på posten. Det vil seie den delen av gitte tilsegner som enno ikkje er utbetalte ved utgangen av budsjettåret.

Oppdaterte løyvingsanslag frå Forskingsrådet

Samla sett tildeler departementa tilskot til Forskingsrådet over 21 postar i statsbudsjettet. Summert for desse postane, anslår Forskingsrådet at løyvingane må nedjusterast med i underkant av 2,1 mrd. kroner samanlikna med gjeldande løyvingar vedtekne av Stortinget i revidert nasjonalbudsjett for 2026. I revidert budsjett blei det samla løyvingsnivået på tilskotspostane redusert med om lag 0,6 mrd. kroner frå saldert budsjett 2026.

Når løyvingane blir foreslått nedjusterte som følge av lågare anslag for kontante utbetalingar, blir dei tilhøyrande tilsegnsfullmaktene foreslått auka tilsvarande. Dette sikrar at midlane, som er tildelte prosjekt, kan kome til utbetaling i seinare budsjettår. Forskingsrådet anslår at dei i 2025 og hittil i 2026 har tildelt midlar i tråd med tilgjengelege tilsegnsrammer.

Årsaker til endringane

Nedjusteringane kjem av eit lågare utbetalingsnivå til tildelte forskingsprosjekt enn det dei opphavlege utbetalingsprognosane tyda på. Forskingsrådet opplyser at nedjusteringane først og fremst kjem av ei forskyving av utbetalingar frå Forskingsrådet til mottakarane til seinare budsjettår, basert på takta i faktureringa til mottakarane. Hovudårsaka til nedjusteringane er at Forskingsrådet har innført etterskotsvis fakturering basert på påkomne kostnadar framfor forskotutbetaling basert på budsjetta til prosjekta. Effekten av denne omlegginga var ikkje godt nok teken omsyn til i dei opphavelege utbetalingsprognosane for 2026. Andre årsaker til nedjusteringane er forseinka prosjektgjennomføring hos tilskotsmottakarane og at innføring av bruttobudsjettering har ført til at enkelte planlagde utbetalingar må forskyvast mellom budsjettår. Forskingsrådet har ingen indikasjonar på at det nedjusterte løyvingsbehovet i 2026 kjem av lågare forskingsaktivitet.

Tabell 3.2 Endringar i løyvingar til Forskingsrådets tilskotspostar[1] frå revidert nasjonalbudsjett for 2026, i mill. kroner

Departement	Gjeldande løyving etter revidert budsjett	Endring nysaldering	Løyving nysaldering[2]	Endring i prosent frå RNB
AID	144,7	-32,1	112,6	-22 %
BFD	40,8	-10,5	30,3	-26 %
DFD	95,3	-30,0	65,3	-31 %
ED	990,0	-180,0	810,0	-18 %
FD	47,5	-18,2	29,3	-38 %
FIN	43,6	0	43,6	0 %
HOD	375,3	-66,7	308,6	-18 %
JD	93,4	-20,0	73,4	-21 %
KD	5 323,0	-1 019,7	4 303,3	-19 %
KDD	78,7	-5,2	73,5	-7 %
KLD	450,7	-95,5	355,2	-21 %
KUD	20,5	-6,2	14,3	-30 %
LMD	172,5	-47,0	125,5	-27 %
NFD	1 612,7	-481,4	1 131,3	-30 %
SD	127,6	-31,5	96,1	-25 %
UD	226,5	-45,0	181,5	-20 %
Sum	9 842,8	-2 089,0	7 753,8	-21 %

[1] Ikkje inkludert løyvingar over tilskotspostar til Forskingsrådet med grunnløyvingar til forskingsinstitutt og tilskotposten med avsetning til usikker framdrift.

[2] I tillegg til løyvingane til Forskingsrådets tilskotpostar i 2026, har Forskingsrådet samla fått overført om lag 1,1 mrd. kroner i ubrukt løyving frå 2025 til 2026. Desse midlane er det venta at Forskingsrådet vil utbetale til mottakarar i 2026, i tillegg til løyvingane over tilskotspostane.

Kunnskapsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2026 under Kunnskapsdepartementet.

Vi HAAKON, Noregs Konge,

s t a d f e s t a r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2026 under Kunnskapsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag
til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2026 under Kunnskapsdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2026 blir det gjort følgande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
200		Kunnskapsdepartementet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	2 559 000
		frå kr 433 348 000 til kr 435 907 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, *kan overførast*, blir redusert med	3 000 000
		frå kr 3 783 000 til kr 783 000	
201		Analyse og kunnskapsgrunnlag:	
	21	Særskilde driftsutgifter, blir redusert med	30 000 000
		frå kr 83 265 000 til kr 53 265 000	
	70	Noregs forskingsråd – forsking om utdanning og forsking, *kan overførast*, blir redusert med	35 960 000
		frå kr 184 934 000 til kr 148 974 000	
220		Utdanningsdirektoratet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	639 000
		frå kr 441 790 000 til kr 442 429 000	
	21	Særskilde driftsutgifter, *kan nyttast under post 70*, blir redusert med	473 000
		frå kr 282 239 000 til kr 281 766 000	
222		Statlege skular og fjernundervisningstenester:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	5 588 000
		frå kr 162 957 000 til kr 168 545 000	
225		Tiltak i grunnopplæringa:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	1 821 000
		frå kr 30 672 000 til kr 32 493 000	
	21	Særskilde driftsutgifter, blir auka med	3 024 000
		frå kr 146 209 000 til kr 149 233 000	
	61	Rentekompensasjon for investeringar i læringsarenaer og større utstyr som bidreg til meir praktisk og variert opplæring, blir redusert med	10 000 000
		frå kr 40 000 000 til kr 30 000 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
	63	Tilskot til samisk i grunnopplæringa, blir redusert med	4 023 000
		frå kr 156 095 000 til kr 152 072 000	
	64	Tilskot til opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg, blir auka med	26 583 000
		frå kr 250 246 000 til kr 276 829 000	
	65	Rentekompensasjon for skule- og symjeanlegg, blir auka med	14 000 000
		frå kr 228 000 000 til kr 242 000 000	
	67	Tilskot til opplæring i kvensk eller finsk, blir redusert med	889 000
		frå kr 10 115 000 til kr 9 226 000	
	68	Tilskot til opplæring i kriminalomsorga, blir redusert med	923 000
		frå kr 383 190 000 til kr 382 267 000	
	74	Prosjekttilskot, blir redusert med	765 000
		frå kr 13 412 000 til kr 12 647 000	
228		Tilskot til private skular o.a.:	
	70	Private grunnskular, *overslagsløyving*, blir auka med	122 238 000
		frå kr 4 319 176 000 til kr 4 441 414 000	
	71	Private vidaregåande skular, *overslagsløyving*, blir auka med	141 986 000
		frå kr 2 443 237 000 til kr 2 585 223 000	
	72	Diverse skular som gir yrkesretta opplæring, *overslagsløyving*, blir redusert med	8 301 000
		frå kr 177 890 000 til kr 169 589 000	
	73	Private grunnskular i utlandet, *overslagsløyving*, blir redusert med	5 770 000
		frå kr 173 638 000 til kr 167 868 000	
	74	Private vidaregåande skular i utlandet, *overslagsløyving*, blir auka med	4 237 000
		frå kr 27 424 000 til kr 31 661 000	
	75	Private skular med særskild tilrettelagd opplæring for elevar med dokumenterte behov, *overslagsløyving*, blir auka med	9 120 000
		frå kr 633 622 000 til kr 642 742 000	
	76	Andre private skular, *overslagsløyving*, blir auka med	5 409 000
		frå kr 77 782 000 til kr 83 191 000	
	77	Den tysk-norske skolen i Oslo, *overslagsløyving*, blir redusert med	822 000
		frå kr 45 426 000 til kr 44 604 000	
	78	Kompletterande undervisning, blir redusert med	691 000
		frå kr 28 516 000 til kr 27 825 000	
	81	Elevutveksling til utlandet, blir redusert med	2 014 000
		frå kr 2 522 000 til kr 508 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
	82	Kapital- og husleigetilskot til private skular, blir redusert med	319 000
		frå kr 83 269 000 til kr 82 950 000	
	84	Redusert foreldrebetaling i skulefritidsordninga ved private skular, blir redusert med	27 000 000
		frå kr 148 387 000 til kr 121 387 000	
240		Fagskular:	
	61	Utviklingsmidlar for høgare yrkesfagleg utdanning*, kan overførast*, blir redusert med	5 659 000
		frå kr 78 270 000 til kr 72 611 000	
253		Folkehøgskular:	
	70	Tilskot til folkehøgskular, blir redusert med	11 423 000
		frå kr 1 153 213 000 til kr 1 141 790 000	
256		Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	6 681 000
		frå kr 535 877 000 til kr 542 558 000	
	21	Særskilde driftsutgifter, blir auka med	5 200 000
		frå kr 15 699 000 til kr 20 899 000	
257		Kompetanseprogrammet:	
	70	Tilskot*, kan overførast*, blir auka med	10 960 000
		frå kr 242 345 000 til kr 253 305 000	
258		Tiltak for livslang læring:	
	21	Særskilde driftsutgifter*, kan overførast*, blir redusert med	44 780 000
		frå kr 88 905 000 til kr 44 125 000	
270		Studentvelferd:	
	74	Tilskot til velferdsarbeid o.a., blir auka med	46 000 000
		frå kr 159 138 000 til kr 205 138 000	
	75	Tilskot til bygging av studentbustadar, blir auka med	108 802 000
		frå kr 1 246 971 000 til kr 1 355 773 000	
273		Kunnskapssektorens tenesteleverandør – Sikt:	
	50	Verksemdskostnader, blir redusert med	7 659 000
		frå kr 227 739 000 til kr 220 080 000	
275		Tiltak for høgare utdanning og forsking:	
	21	Særskilde driftsutgifter*, kan overførast, kan nyttast under post 70*, blir redusert med	1 206 000
		frå kr 38 086 000 til kr 36 880 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
284		Dei nasjonale forskingsetiske komiteane:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	1 206 000
		frå kr 22 775 000 til kr 23 981 000	
285		Noregs forskingsråd:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	960 000
		frå kr 785 061 000 til kr 786 021 000	
	21	Særskilde driftsutgifter, blir redusert med	5 000 000
		frå kr 115 264 000 til kr 110 264 000	
	71	Strategiske forskingsprioriteringar, *kan overførast*, blir redusert med	556 167 000
		frå kr 3 330 463 000 til kr 2 774 296 000	
	72	Langsiktig, grunnleggande forsking, *kan overførast*, blir redusert med	427 620 000
		frå kr 1 807 590 000 til kr 1 379 970 000	
288		Internasjonale samarbeidstiltak:	
	72	Internasjonale grunnforskingsorganisasjonar, blir redusert med	6 398 000
		frå kr 469 666 000 til kr 463 268 000	
	73	EUs rammeprogram for forsking og innovasjon, blir redusert med	99 843 000
		frå kr 3 816 305 000 til kr 3 716 462 000	
	74	EUs program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett, blir redusert med	27 411 000
		frå kr 1 284 222 000 til kr 1 256 811 000	
2410		Statens lånekasse for utdanning:	
	50	Avsetning til utdanningsstipend, *overslagsløyving*, blir auka med	24 205 000
		frå kr 9 988 228 000 til kr 10 012 433 000	
	70	Utdanningsstipend, *overslagsløyving*, blir auka med	80 000 000
		frå kr 4 797 594 000 til kr 4 877 594 000	
	72	Rentestøtte, *overslagsløyving*, blir auka med	140 725 000
		frå kr 3 742 813 000 til kr 3 883 538 000	
	73	Avskrivingar, *overslagsløyving*, blir auka med	58 146 000
		frå kr 2 855 084 000 til kr 2 913 230 000	
	90	Auka lån og rentegjeld, *overslagsløyving*, blir auka med	506 314 000
		frå kr 46 428 447 000 til kr 46 934 761 000	

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3220		Utdanningsdirektoratet:	
	01	Inntekter frå oppdrag, blir redusert med	473 000
		frå kr 2 782 000 til kr 2 309 000	
(NY)	02	Salsinntekter o.a., blir løyvd med	639 000
3222		Statlege skular og fjernundervisningstenester:	
	02	Salsinntekter o.a., blir auka med	5 588 000
		frå kr 26 772 000 til kr 32 360 000	
3225		Tiltak i grunnopplæringa:	
	04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter, blir redusert med	5 525 000
		frå kr 164 927 000 til kr 159 402 000	
3256		Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse:	
	01	Inntekter frå oppdrag, blir auka med	5 200 000
		frå kr 7 189 000 til kr 12 389 000	
	02	Inntekter frå refusjonar o.a., blir auka med	6 681 000
		frå kr 36 069 000 til kr 42 750 000	
5310		Statens lånekasse for utdanning:	
	04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter, blir auka med	1 882 000
		frå kr 2 300 000 til kr 4 182 000	
	89	Purregebyr, blir auka med	10 000 000
		frå kr 121 222 000 til kr 131 222 000	
	90	Redusert lån og rentegjeld, blir auka med	205 320 000
		frå kr 17 422 674 000 til kr 17 627 994 000	
5617		Renter frå Statens lånekasse for utdanning:	
	80	Renter, blir auka med	571 383 000
		frå kr 13 917 662 000 til kr 14 489 045 000	

Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar

II

Tilsegnsfullmakter

Stortinget samtykker i at Kunnskapsdepartementet i 2026 kan gi tilsegn om tilskot ut over gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje overstig følgande beløp:

Kap.	Post		Samla ramme
201		Analyse og kunnskapsgrunnlag	
	70	Noregs forskingsråd – Forsking om utdanning og forsking	972 mill. kroner
240		Fagskular	
	61	Utviklingsmidlar for høgare yrkesfagleg utdanning	47 mill. kroner
257		Kompetanseprogrammet	
	70	Tilskot	123,4 mill. kroner
270		Studentvelferd	
	75	Tilskot til bygging av studentbustadar	1 410,6 mill. kroner
285		Noregs forskingsråd	
	71	Strategiske forskingsprioriteringar	12 267,3 mill. kroner
	72	Langsiktig, grunnleggande forsking	6 396,1 mill. kroner

Andre fullmakter

III

Fullmakt til å føre kapitalinnskot ut av kapitalrekneskapen mot konto for forskyvingar i balansen

Stortinget samtykker i at Kunnskapsdepartementet i samband med rapporteringa til kapitalrekneskapen for 2026 kan føre ut kapitalinnskot på 2 652 400 kroner for burettslagsleilegheiter ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet og samvirkeinnskot på 1 600 kroner med rett til å leige barnehageplassar til tilsette ved Høgskolen i Molde, vitskapleg høgskole i logistikk mot konto for forskyvingar i balansen.

Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon
Trykksak 2041 0446